

Vurdering i fag ved Tryggheim ungdomsskule

Vedteke av styret ved Tryggheim skular 27.10.2025

Rett til vurdering

*Elevane har rett til individuell vurdering og dokumentasjon av opplæringa.
(Privatskolelova §2-3a)*

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

1. Alle elevar har rett på både skriftleg og munnleg vurdering.
2. Vurderinga skal reflektera kompetansen som eleven har vist i opplæringa i faget.
3. Vurderinga tener som dokumentasjon på gjennomført opplæring. Faglærar har ansvar for at vurdering som er gitt vert dokumentert.
4. Vurderingar skal ligge tilgjengelege for elevane og foreldre gjennom terminen på skulen sin læringsplattform.
5. Terminvurderingar vert gjort med talkarakter som kan graderast i «sterk» og «svak», men utan vidare kommentar.
6. Sluttvurderinga vert gitt med heil talkarakter.

Privatskoleforskrifta, kapittel 6, skildrar individuell rett til vurdering. I det fylgjande vil underoverskriftene vere lenka til paragrafane i forskrifta. Avsnitta er utdjupa der det er aktuelt for Tryggheim ungdomsskule. Faglærarar finn også mykje godt stoff om vurdering på [Vurderingspraksis | udir.no](https://vurderingspraksis.udir.no)

§ 6-2 Føremålet med og grunnlaget for vurdering i fag

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

1. Alle elevar skal kjenna til måla for opplæringa. Dette skal vera kjent for elevane gjennom læringsmål i faga.
2. Det er laga vurderingskriteria i alle fag. Desse vurderingskriteria ligg på skulen si læringsplattform.
3. Faglærar har ansvar for å presentera læringsmål, vurderingskriteria og vurderingsformer i kvart einskild fag. Dette er spesielt viktig i praktisk-estetiske fag.
4. Det er kompetansen som vert vist, vurdert opp mot måla for kompetanse i læreplanen, som skal vere grunnlaget for vurderinga i eit fag. Andre høve skal ikkje speglast i karakteren.
5. Både faglærar og elev har ansvar for at det er tilstrekkeleg grunnlag for vurderinga.
6. Læraren skal laga planar og legge opp til vurderingssituasjonar i faget, og gjennomføra desse. Kompetanse vist gjennom for eksempel arbeid i timar og rettleiing frå faglærar skal også vera ein del av grunnlaget for vurderinga i faget.

Framgangsmåte ved fråvær frå vurderingar / grunnlag for å vurdere eleven sin kompetanse i faget.

Det er pliktig frammøte til alle varsla vurderingar, jf. [Kapittel 2 i skulereglane](#).

- Dersom ein elev av ein eller annan grunn ikkje har møtt til ordinær vurdering, har eleven også ansvar for å gjera avtale med faglærer, slik at faglærer får det nødvendige karaktergrunnlaget.
- Elevar som unngår vurderingar, kan få umeld vurdering i ein vanleg undervisningstime.
- NB. Karakteren 1 er ei vurdering av eleven sitt faglege nivå. Møter ikkje eleven opp eller lar vera å levera, kan han ikkje få karakteren 1. Han har då ikkje levert og resultatet kan bli at det ikkje er vurderingsgrunnlag. Stiller ein elev på ei vurdering og leverer blankt kan eleven få karakteren 1.
- Om eleven av ulike grunnar har lite vurderingsgrunnlag mot slutten av terminen, må han vere førebudd på vurderingar i faget som er omfattande nok til å setje karakter.
- Dersom det ser ut til å bli vanskeleg å skaffe grunnlag for å gjere terminvurdering av eleven i eit eller fleire fag, skal faglærer varsle heimen om dette så snart som råd. Eleven skal ha reelt høve til å la seg vurdere etter dette varselet, jf. [§6-7 i privatskoleforskrifta](#). Dersom det framleis ikkje er grunnlag for å gje ei vurdering til terminen, skal faglærer setje «IV» (Ikkje vurderingsgrunnlag), i staden for talkarakter.

§6-4 Karakterar i fag

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

- Alle terminkarakterar og standpunktkarakterar skal førast med heile karakterar på karakterutskriftene og på vitnemålet. Halvårsvurderinga gjennom terminkarakteren kan skildrast som «sterk» og «svak» i kommentarfeltet.
- Graderte karakterar (4+, 3-) skal berre brukast i undervegsvurderinga som ein del av rettleiinga til eleven.

- Valfag: Elevane skal få standpunktkarakterar når eit valfag vert avslutta. Elevane kan velje same valfag om igjen, då vert ikkje faget avslutta det fyrste året. *Døme: har ein fotball på 8.trinn og får karakteren 5, og det same faget på 9.trinn og får karakteren 2 så er det berre karakteren 2 som står på vitnemålet.*
Ved slutten av ungdomstrinnet kan eleven ha hatt berre eitt valfag og éin standpunktkarakter, eller fleire valfag og fleire standpunktkarakterar. Alle standpunktkarakterane skal stå på vitnemålet, men det vert berekna eit snitt som tel ved opptak til vidaregåande opplæring.
- Faget *Mat og Helse* vert avslutta med standpunktkarakter etter 9. trinn. Opplæringa i alle andre fag vert avslutta på 10.trinn og skal då berre ha standpunktkarakter etter 10.trinn.
- Utdanningsval
 - I dette faget vert det ikkje gjeve talkarakterar.
 - Vurderinga vert sett til "delteke"/"ikkje delteke".
 - Kriterium for å få karakteren "ikkje delteke" er:
 1. Stort fråvær
 2. Ikkje innlevering av fastsette oppgåver
 - Ein elev som står i fare for å få vurderinga "ikkje delteke" skal få varsel om dette og ha moglegheit til å forbetra seg slik at karakteren "delteke" kan behaldast.

§6-6 Samtale om utvikling

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

- Fagleg utvikling er tema på utviklingssamtalen med foreldra éin gong i halvåret.
- Kontaktlærar har minst éin samtale med eleven i forkant av utviklingssamtalen, der mellom anna sosial utvikling er tema.
- For elevar med individuelt tilrettelagt opplæring skal ein i tillegg ha minst eitt samarbeidsmøte i halvåret.

- Kontakten skal vera hyppigare der elev, foreldre eller kontaktlærar vurderer det som naudsynt.

§6-7 Varsling om at karakteren kan falle bort eller bli sett ned

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

- Dersom det ikkje føreligg grunnlag for å vurdere kompetansen til eleven i eit fag skal faglærar varsle heimen om dette i god tid.
- Eleven og heimen skal kunne ha høve til å bidra til at det føreligg grunnlag for vurdering med karakter etter at varsel er gitt.
- Før varsel vert sendt skal eleven ha fått tilstrekkeleg med høve til å vise nok kompetanse til at det er grunnlag for å vurdere denne kompetansen for faglærar.
- Varsel vert sendt elektronisk gjennom skulen sitt skuleadministrative system.

Undervegsvurdering

§6-11 Undervegsvurdering i fag

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

- Faglærar utarbeidar både læringsmål og vurderingskriteria for faget sitt, som eleven skal kjenne til og forstå i samband med undervegsvurderinga i faget.
- Ved rettleiing, tilbakemeldingar og liknande, skal faglærar alltid peike på kva eleven har fått til eller gjort bra.
- I tillegg må eleven få rettleiing i korleis denne kan gjera framgang i faget.
- Formell undervegsvurdering som blir gitt skal vera tilgjengeleg for elevane og foreldra.
 - I fag vert undervegsvurderinga gjort tilgjengeleg på skulen si læringsplattform.
 - Til utviklingssamtalen skal faglærar gje ei undervegsvurdering som skal ligge i skulen sitt skuleadministrative system.
- Uformell undervegsvurdering, gjerne munnleg rettleiing i kvardagen, vil normalt ikkje vere tilgjengeleg i etterkant.
- Elevane har rett på tilbod om eigenvurdering. Faglærar legg til rette for at kvar elev får vurdert sitt eige arbeid:

- Uformelt så ofte som råd, gjerne munnleg. Dette treng ikkje dokumenterast.
- Formelt minst éin gong kvar termin. Dette skal gjerast skriftleg, slik at faglærar skal kunne dokumentere det.
- Faglærar skal syte for at elevane får reflektert over eiga læring og faglege utvikling. Dette treng ikkje vera formelt, og treng ikkje dokumenterast.
- Faglærar skal dokumentere at undervegsvurdering er gitt. Dette vert gjort på klassenivå i faglærarrapporten.
- Lærarar som er i tvil om ein elev har tilfredsstillande utbytte av opplæringa skal følgja prosedyrane nedanfor:
 - Faglærar informerer kontaktlæraren. (Det er viktig å sjekka ut kva tiltak som allereie er sette i gang og drøfta.) Saka skal også drøftast med avdelingsleiar og spes.ped. koordinator.
 - Dersom ein ser at eleven kan ha behov til ytterlegare tilrettelegging, fyller kontaktlærar ut skjemaet:
"Bekymringsmelding frå lærar til sosiallærar/ spesialpedagog" og gir dette vidare til spes.ped.- ansvarleg.
 - Kontaktlærar/faglærar får tilbakemelding om vidare tiltak.

§6-13 Halvårsvurdering i fag

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

- Elevar og foreldre får kunngjort talkarakterar gjennom innlogging til skulen sitt skuleadministrative system på slutten av kvar termin. Denne karakteren kan vera gradert med «sterk» eller «svak».
- Det vil ikkje bli gitt yttarlegare vurdering ved terminslutt. All anna undervegsvurdering skal vera tilgjengeleg for elevar og foreldre på skulen sin læringsplattform, og gjeld om grunnlag for talkarakteren ved terminslutt.
- Faglærar aleine står for halvårsvurderinga i fag, med unntak av når det vert vurdert at eleven skal få karakteren 1, IV eller F.
 - *Ikkje vurderingsgrunnlag(IV)* – skal tas opp på [karaktermøte](#). Varsel skal vera sendt.
 - *Fritak* (med ulik grunngjeving) – kan ikkje gjevast utan vedtak om dette, gjort av leiar.

Sluttvurdering

§6-15 Sluttvurdering i fag

§ 6-15.Sluttvurdering i fag

Sluttvurderinga skal gi informasjon om kompetansen til elevane ved avslutninga av opplæringa i fag. Vurderinga skal gjerast ut frå kompetansemåla i læreplanen i kvart fag, jf. [§ 6-2](#).

Sluttvurderingar i grunnskolen er standpunktkarakterar og eksamenskarakterar.

§6-16 Standpunktkarakterar i fag

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

- Faglærer har ansvar for å skaffe grunnlag for standpunktkarakter i faget sitt.
- Det er i hovudsak kompetansen som er vist gjennom 10. trinn som er grunnlaget for standpunktvurderinga, men heile opplæringa på ungdomsskulen kan brukast for å setje standpunktkarakter.
- Elevane vert orienterte om korleis vurderinga vert gjort før haustferien. Faglærer dokumenterer denne orienteringa.
- Ved fare for at karakteren fell bort vert det vist til [§6-7](#)
- Faglærer åleine står for sluttvurderinga i fag, med unntak av når det vert vurdert at eleven skal få karakteren 1, IV eller F.
 - *Ikkje vurderingsgrunnlag(IV)* – skal tas opp på [karaktermøte](#). Varsel skal vera sendt. Dette gjeld også *karakteren 1*.
 - *Fritak* (med ulik grunngjeving) – kan ikkje gjevast utan vedtak om dette, gjort av leiar.

§6-19. Fritak frå vurdering med karakter for elevar som får individuelt tilrettelagd opplæring

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

- Elevar med IOP der læreplanen avvik frå læreplanen, skal **ikkje** vurderast med karakter, men dei skal ha skriftleg vurdering *utan* karakter. Faglærarar er ansvarleg for at denne oppgåva blir gjort, men kan gjerast i samarbeid med for eksempel miljøterapeut og fagarbeidarar.

- Kontaktlærer, i samarbeid med miljøterapeut/ fagarbeidar sikrar at generelle/ sosiale mål blir formulert i IOP. Desse måla evaluerer ein på lik linje med faglege mål.
- I tillegg til IOP-evalueringa, skal eleven i utgangspunktet få ei kort vurdering med tekst under feltet "merknader på karakter" i karakterutskrifter.

Eksamen

§6-26. Ansvar for eksamen

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

- Tryggheim samarbeider med Jærnettverket for gjennomføring av lokalt gitt munnleg eksamen.
- Faglærer har ansvar for å utarbeide faglærarrapport i faget sitt etter mal frå Jærnettverket. Denne skal gje elevane oversikt over:
 - Gjennomført opplæring i faget
 - Fagstoff som er brukt i opplæringa
 - Vurderingskriteria for faget – gjerne oppdelt i emne. Desse emna vil ofte være eksamensoppgåvene elevane kan trekke på sjølve eksamen.
- Faglærer har ansvar for lage eksamensoppgåver.
- Ekstern sensor skal godkjenne eksamensoppgåvene i god tid før eksamen (etter retningslinjene til Jærnettverket).

§ 6-34.Særskild tilrettelegging av eksamen

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

- Dersom det er dokumentert behov for særskild tilrettelegging på eksamen, kan kontaktlærer e.l. hjelpe eleven med å søkja om dette. Det gjeld f.eks. ved lese- og skrivevanskar, kronisk sjukdom eller funksjonsnedsettingar. Tilrettelegginga kan for eksempel vera forlenga eksamenstid, eller bruk av digitale hjelpemiddel. Søknad skal sendast til skuleleiar.

Klage på sluttvurdering

[Teksten under refererer til kapittel 7 i privatskoleforskrifta.](#)

Standpunktkarakterar

For Tryggheim ungdomsskule inneber dette:

- Klagefristen er ti dagar frå karakteren vart gjort kjent.
- Eleven kan, innanfor klagefristen, krevje skriftleg grunngjeving for ein standpunktkarakter. Det er faglærar som grunngjev vurderinga.
- Eleven klager skriftleg til skulen, som sender vidare til statsforvaltaren i Rogaland, dersom skulen ikkje vil gje eleven medhald i klagen.
- Elevar kan klage på *korleis* standpunktkarakteren er sett. Ikkje karakteren i seg sjølv.
- Statsforvaltaren konkluderer ved å anten:
 - Avvise klagen
 - Stadfeste karakteren – denne vert då ståande
 - Oppheva karakteren – skulen må gjere ny vurdering av standpunktkarakter

Eksamenskarakterar

For skriftleg eksamen inneber dette:

- Eleven klager til skulen. Skulen sender klaga til statsforvaltaren i Rogaland. Statsforvaltaren opprettar ei eiga klagenemnd for å handsame klager på skriftleg eksamen.
- Klagefristen er ti dagar frå eksamenskarakteren er gjort kjend.
- Klagenemnda set ny vurdering av eksamenssvaret. Vurderinga treng ikkje grunngjevast, og kan ikkje klagast på.

For munnleg eksamen inneber dette:

- Det kan *ikkje klagast på vurderinga* av munnleg eksamen.
- Klagerett gjeld formell gjennomføring, som f.eks.
 - Ufin åtferd frå sensor/eksaminator
 - At eleven ikkje får nytte tida si fullt ut
- Eleven klager til statsforvaltaren i Rogaland
- Klagefristen er ti dagar.
- Ved formelle feil kan karakteren annullerast.

Det er ikkje formell klagerett på undervegsvurdering. Dette inneber også terminkarakterar.

Instruks for karaktermøte

- § 1. Leiar har ansvar for å gjennomføra møtet der standpunktkarakteren i orden/åtfærd blir fastsett og sørgjer for at det blir ført og underskrive karakterprotokoll.
- § 2. Karaktermøtet fastset karakter i orden/åtfærd i møte mellom **alle** tilsette som er involvert med elevane i klasserom og friminutt.
- § 3. Når det er usemje, skal det røystast.
- § 4. Når det er likt røystetal ved fastsetting av **terminkarakteren** i orden/åtfærd, har kontaktlærar dobbelrøyst
- § 5. Når er det likt røystetal ved fastsetting av **standpunktkarakteren** i orden/åtfærd, har leiar dobbelrøyst.
- § 6. Når leiar er i tvil om reglane for fastsetjing av karakter er blitt følgde, kan leiar krevje nytt møte. Ved likt røystetal har leiar dobbelrøyst.
- § 7. Fastsetting av termin- og standpunktkarakteren 1 i fag. Vurderer ein å gje karakteren 1, må alltid dette leggjast fram for karaktermøtet. Dei som ynskjer det, kan be om innsikt i avgjerda. Leiar må sjå til at prosedyrane er fylgde før karakteren 1 kan setjast.
- § 8. Mangel på vurderingsgrunnlag i fag. Vurderer ein å gje IV (*ikkje vurderingsgrunnlag*), må alltid dette leggjast fram for karaktermøtet. Dei som ynskjer det, kan be om innsikt i avgjerda. Leiar må sjå til at prosedyrane er fylgde før vurderinga kan setjast.

- § 9. Dersom borna/søsken til ein av dei tilsette ved Tryggheim ungdomsskule skal vurderast å setjast ned i karakterane «orden og oppførsel» er vedkomande plikta til å forlata rommet i den tida drøftinga pågår. Dette gjeld alle tilsette utan unntak. Gjeld og i høve der det er nære familie-relasjonar.